



Stad kommune
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 5764 3005

Stad kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Stad kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 187/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Stad kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit tre-årig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbankens oppgåver for dette fagområdet overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett-dokumenta.

Oppsummering

Statsforvaltaren er uroa over at den langsiktige gjelda aukar i den takten det no vert lagt opp til i tillegg til forventningar om eit stigande rentenivå. Netto renteeksponert gjeld er høg, og kommunen blir derfor svært eksponert for renteoppingar.

Ein krevjande økonomiske situasjon gjer at ein treng å få utgiftene ned til eit berekraftig nivå. Det er utfordrande å setje i gang eit omstillingsarbeid for å redusere driftsutgiftene, samstundes som kvaliteten i tenestene skal ivaretaast. Kommunestyret vedtok økonomiske handlingsreglar i juni 2021. Vi oppmodar om at desse blir lagt til grunn for å oppnå økonomisk berekraft og eit nødvendig handlingsrom, til beste for innbyggjarane i Stad.



Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse. Budsjettert netto driftsresultat utgjer minus 46,4 mill. kroner, som utgjer minus 5,07 prosent av brutto inntekter. Det er vedteke bruk av disposisjonsfond og bruk av bundne fond til å dekke inn meirforbruket. Resultatet ligg godt under det tilrådde nivået på 1,75 prosent frå Teknisk berekningsutval (TBU).

Førebelse rekneskapstal for 2021 viser eit netto driftsresultat på 42,3 mill. kroner, som utgjer 4,3 prosent av driftsinntektene. Resultatet er mykje betre enn det som vart budsjettert i fjor, og ligg om lag likt med landsnittet som var på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell etter vedteke statsbudsjett og folketal per 1.01.2022, viser at kommunen budsjetterer om lag 2,7 mill. kroner lågare enn prognosemodellen.

I 2022 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel på 107,5 mill. kroner. Av dette utgjer 10 mill. kroner investeringar til sjølvkostområda vatn og avløp. Dei største investeringane er beredskapssenter Nordfjordeid, Fossevegen bufellesskap, helsesenter i Selje og oppgjer for anleggsmiddel etter grensejusteringa.

Investeringane skal finansierast ved opptak av nye lån med 91,9 mill. kroner. I tillegg får kommunen kompensert 11,9 mill. kroner i meirverdiavgift. Det er budsjettert med ein auke på om lag 9 mill. kroner i rente- og avdragsutgifter frå 2021 til 2022.

Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsutgifter) per 31.12.21 utgjer 1,2 mrd. kroner. Dette tilsvarar 127,3 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utan Oslo utgjorde 114,9 prosent i 2021. Ved utgangen av 2022 utgjer brutto lånegjeld i prosent av inntekter 132,8 prosent, noko som er høgt.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Budsjettert netto driftsresultat viser negative resultat i heile planperioden med 6,7 mill. kroner i 2023 (minus 0,73 prosent av driftsinntektene), 6 mill. kroner i 2024 (minus 0,65 prosent), og 1,7 mill. kroner i 2025 (minus 0,18 prosent). I alle åra skal bundne fond og disposisjonsfond brukast for å balansere drifta.

Det vart gjort endringar i organisasjonsstrukturen i 2021, som vart gjort gjeldande i økonomisystemet frå 1.01.2022. Dette gjer at det er vanskeleg å samanlikne desse to åra. Frå 2023 og ut planperioden er det ikkje vesentlege endringar i driftsnivået til tenesteeiningane. Eigedomsskatt blir vidareført på om lag same nivå som i 2022, og det er budsjettert med noko auke i inntektene frå Havbruksfondet.

Kommunen sine samla disposisjonsfond utgjorde 172,4 mill. kroner pr. 31.12.2021, noko som tilsvarar 17 prosent av samla inntekter. Dette er godt over det tilrådde nivået frå TBU på 5 prosent. Disposisjonsfondet er samansett av frie disposisjonsfond og frie investeringsfond. Ein del av desse midlane er plassert til ekstern forvaltning, og kommunen forventar at verdien av samla fond vil auke noko i løpet av perioden.



Samla investeringar for heile perioden utgjer 385,3 mill. kroner. Investeringane i dei tre siste åra er på 277,8 mill. kroner og utgjer i hovudsak investeringar i symjebasseng og brannstasjon i Selje, beredskapssenter på Nordfjordeid og utbygging av Gjerdane barnehage. Samla lån til sjølvkost, vatn og avløp, utgjer 30 mill. kroner. Med unntak av utbetaling av kompensasjon for meirverdiavgift skal alle investeringane lånefinansierast. Samla låneopptak i heile perioden utgjer 324,1 mill. kroner.

Brutto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter vil utgjere om lag 139 prosent i 2025, rekna ut frå dei budsjetterte tala. Dette utgjer ein auke på 10 mill. kroner i rente- og avdragsutgifter. I budsjettet er det lagt inn ein auke i gjennomsnittleg utlånsrente på 0,6 prosentpoeng i perioden, rekna ut frå nivået i 2022. Førebelse tal frå 2021 viser at den langsiktige gjelda utgjorde 127,3 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet utgjorde 114,9 prosent.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Stad kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

I budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 er handlingsreglane følgjande:

- Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan komme i tillegg.
- Disposisjonsfondet skal utgjere minimum 10 prosent av frie inntekter.
- Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 prosent av samla driftsinntekter innan 2024.

Kommunen vil ikkje greie å oppnå måltala for nye låneopptak i åra 2022 – 2024. Handlingsregelen for korrigert netto driftsresultat blir ikkje nådd i perioden. Kommunen vil oppnå målet med eit disposisjonsfondet godt over forventa nivå.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå førebelse rekneskapstal for 2021 blir årsresultatet betre enn venta, og kommunen får då eit betre utgangspunkt framfor inneverande periode ved at handlingsrommet er styrka.

Folketalet har i løpet av dei siste åra vore stabilt og svakt aukande, noko som gjer at overføringane frå staten blir meir føreseielege. Dette er bra av di kommunen framleis er avhengig av inntekter dei ikkje sjølve kan påverke eller fullt ut rår over, for å ha eit budsjett i balanse. Demografien viser ein nedgang i dei yngre klassane og ein auke i dei eldre årsklassane i perioden. Samstundes er Stad ein langstrekt og spreiddbygd kommune, som betyr ekstra utgifter til veg og kommunale bygg.

Rente- og avdragsutgiftene vil auke med om lag 10 mill. kroner i perioden som følgje av dei planlagde investeringane. Statsforvaltaren er uroa over at gjelda og utgiftene aukar i den takten det no vert lagt opp til, samstundes som kommunen er avhengig av nedskjeringar i tenesteeiningane for å balansere drifta. Stad har ein høg prosentdel i renteesponert gjeld, noko som gjer at kommunen blir svært eksponert for renteoppningar, Samstundes vil renteinntektene og avkastning på fonda også gå opp så lenge disposisjonsfonda blir oppretthaldne.

Den økonomiske situasjonen er krevjande, og kommunen bør få utgiftene ned til eit berekraftig nivå. Det er utfordrande å setje i gang eit omstillingsarbeid for å redusere driftsutgiftene, samstundes



som kvaliteten i tenestene skal ivaretaast. Kommunestyret vedtok økonomiske handlingsreglar i juni 2021. Vi oppmodar om at desse blir lagt til grunn for å oppnå økonomisk berekraft og eit nødvendig handlingsrom, til beste for innbyggjarane i Stad.

Dei innsende dokumenta er ryddige, oversiktlege og informative, med mål og innsparingstiltak for dei ulike tenesteområda. Det er positivt at plandokumenta blir tufta på FN sine berekraftsmål når det gjeld utvikling i samskapingskommunen Stad.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent